



NAV Bømlo flyttet inn i nye lokaler 23. mai 2019.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

# ÅRSMELDING 2019

---

BØMLO KOMMUNE  
Rådhuset, Leirdalen 1  
5430 Bremnes  
Tlf.: 53 42 30 00  
Epost: [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)  
Handsama i formannskapet: 11.06.2020  
Godkjend i kommunestyret: 22.06.2020 Sak: PS 59/20

## INNHOLD

<i>INNHOLD.....</i>	2
<i>POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGANGEN AV 2019.....</i>	3
<i>RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR .....</i>	4
<i>TEMASIDE BØMLO OPPLÆRINGSKONTOR.....</i>	5
<i>ORGANISASJON 2019 .....</i>	6
<i>ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT .....</i>	16
<i>SENTRALE STYRINGSORGAN.....</i>	33
<i>OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT.....</i>	39
<i>HELSE, SOSIAL OG OMSORG.....</i>	47
<i>TEKNISK AVDELING.....</i>	51
<i>KYRKJELEGE FØREMÅL .....</i>	56

## POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGANGEN AV 2019



Sammy Olsen, ordførar

POLITISK		
Sammy Olsen	(Sp)	Ordførar
Ragnfrid Sønstabø	(H)	Varaordførar
Ole Johan Jensen	(Frp)	Leiar utval for levekår
Aslaug Skimmeland Huse	(H)	Leiar utval for areal og samferdsel
Bjørn Asle Teige	(Sp)	Leiar utval for næring, innovasjon, idrett og kultur
Frank Schmidt	(V)	Leiar utval for natur, klima og miljø
Ruth-Berny Lønning	(H)	Leiar Bømlo eldreråd
Birgit Sønstabø Esperø	(KrF)	Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Lene Borgen Waage	(Ap)	Leiar Kontrollutvalet
ADMINISTRATIV		
Aud Gunn Løklingholm		Konstituert rådmann
Kjell Magnar Mellesdal		Kommunalsjef helse, sosial og omsorg
Bjørn Håvard Bjørklund		Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur
Jarle Nakken		Økonomisjef
Vanja Espeland		Personalsjef
Revisjon		Deloitte AS

## RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Kommunen sitt netto driftsresultat enda på 5,5 mill kr. (0,6% av omsetnaden). Resultatet er betre enn budsjettert, men svakare enn målkravet på 1,75%. Endring av inntektssystemet med verknad frå og med 2017 har dei siste åra gitt kommunen 13 mill. kr lågare rammeoverføring frå staten.

I tillegg har kommunen sine skatteinntekter gått vesentleg ned, slik at kommunen no har ein skatteinngang på 87% av landsgjennomsnittet mot tidlegare mellom 93-95%. Samla har kommunen i 2019 20 mill. kr mindre frie inntekter (skatt og rammeoverføring) enn tidlegare år.

Kommunen sin likviditet svekka seg med 7,5 mill. kr. Kommunen sin likvide beholdning er ved utgangen av året 36 mill. kr.



*Aud Gunn Løklingholm,  
konstituert rådmann*

Kommunen sin økonomiske handlefridom har blitt noko svekka dette året.

Dei tre siste åra er Bømlo ein av dei kommunane med lågast realvekst i inntektene i Hordaland. Me har likevel klart å effektivisere drifta slik at me har funne plass til nokre nye tiltak. Først og fremst har me finansiert full årseffekt av Haugen bufellesskap og to bufellesskap for einslege mindreårige. I tillegg har me finansiert auka kapitalkostnader knytt til ny ungdomsskule og nytt basseng, og ikkje minst drift av Bømlo symjehall frå sommaren 2018.

I 2019 vart det inngått kontrakt om å bygge ny veg Hestaneset - Våge med opsjon Våge - Sakseid i Bømlopakken. Det var ikkje nok midlar igjen i Bømlopakken til å gjennomføre heile prosjektet slik at opsjonen vart ikkje nyttta. Bømlopakke 2 er framleis ikkje behandla i Stortinget. Det er difor uvisst når nye vegprosjekt vert bygd.

Det har vore arbeidd med grunnløysing og utvikling av industriområdet i Rubbestadneset i 2019. Seinhausten 2019 kom SIVA inn på eigarsida i selskapet som skal bygge teknologisenter og vidaregåande skule på industriområdet.

Ny fiskerihamn i Hovlandshagen har kome inn i Norsk transportplan (NTP) med realisering frå 2024. Det er no sett i verk eit arbeid for å kunne forskottere denne realiseringa.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken av kommunestyret i juni og arbeidet med rullering av arealdelen har starta opp.

Ny arbeidsgjevarstrategi for Bømlo kommune er vedteken: Berekraftige Bømlo med verdiane raus - modig - engasjert.

Hausten 2019 døydde dåverande rådmann Geir E. Aga brått frå oss i sluttpurten av arbeidet med budsjett for 2020. Dei siste månadene av 2019 vart difor spesielle for oss alle. Rådmannen vil takke for tillit og konstruktivt og godt samarbeid med politisk nivå. Eg vil rette ei spesiell takk til alle våre tilsette for innsatsen for å vidareføra drifta av Bømlo kommune i ein krevjande situasjon. De har vore både rause, modige og engasjerte til beste for Bømlo. Dette set eg uendeleg stor pris på!

## TEMASIDE BØMLO OPPLÆRINGSKONTOR

# Står på for ungdomen



Første introduksjonsdag for nye lærlingar i regi av Bømlo Opplæringskontor ved dagleg leiar Christina Stølen (fremst). (Foto: Privat)

- Me vil syne alle moglegheitane for eit spennande yrke ungdomane våre har i dag. Det skal også vere trygt og godt å ta fagbrev i Bømlo.

Dagleg leiar Christina Stølen i Bømlo Opplæringskontor (BOK) har vore høgt og lågt sidan oppstarten 1. januar 2019.

Då slo Bømlo kommune og Opplæringskontoret for mekaniske og elektriske fag (OME) sine krefter saman for å sikra eit tverrfagleg samarbeid til beste for ungdomane våre og fagopp-læringa. BOK har eit eige styre og dagleg leiar. Ved utgangen av 2019 var det 64 lærlingar i 15 fag fordelt på 18 medlemsbedrifter inkludert kommunen.

OME vart oppretta 1. april 2001 og Bømlo kommune hadde eit eige opplegg for sine lærlingar fram til samanslåinga. Kommunen har lenge hatt 27 lærlingar og med mål å ta inn 12 nye lærlingar årleg. Dei er fordelt på fem fag; ikt-service, kontor- og administrasjon, barne- og ungdomsarbeidar, helsearbeidar og institusjonskokk.

## Meiningsfull kvardag

- Me skal først og fremst administrera lærlingeordninga og vere ei støtte for lærlingane og lærlingeverksemndene. Å koordinera samarbeidet mellom verksemndene, kommunen og skulane er også ei sentral arbeidsoppgåve, opplyser Stølen.

Ho fortel at ungdomane i dag har mange ulike moglegheitar for å ta ei fagutdanning eller starta på eit lengre utdannings-løp. BOK er såleis ein viktig partner i pilotprosjektet samarbeid skule og arbeidsliv.



Christina Stølen og personalrådgjevar John Helge Mogster på stand under Utdanningsmessa 2019 på Stord. (Foto: Privat)


Kongsberg-modellen der dei har hatt suksess med noko liknande.

Oppstartsåret har vore veldig travelt med å byggja opp Bømlo Opplæringskontor. Å knyte kontaktar, bli kjent med lovar og reglar for opplæring, og ikkje minst halde mange workshops og arbeidsmøter. Vidare innføring og iverksetjing av nytt elektronisk oppfølgingsverktøy for lærlingar og lærebodrifter ([www.olkweb.no](http://www.olkweb.no)).

Sjølv sagt har dei etablert seg på nett ([www.bomlook.no](http://www.bomlook.no)) og vore aktive i sosiale medier som Facebook, Snapchat og Instagram.

- Messer, opne dagar og vitjing på ungdoms- og vidaregåande skular har det blitt ein god del av. Me har også delteke på fleire viktige konferansar. Lærlingane og medlemsverksemndene har delteke på fleire samlingar i vår regi, og særleg stas var det å få dele ut 21 fagbrev saman med ordføraren i kommunestyresalen, seier dagleg leiar Christina Stølen.

## ORGANISASJON 2019



Gule boksar er verksemder – grå boksar er avdelinger

## Arbeidsgjevarfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2014 til 2019 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Samla lønsutgifter</b>	<b>509 399</b>	<b>530 443</b>	<b>556 814</b>	<b>601 050</b>	<b>620 130</b>	<b>643 775</b>
<b>Av dette løn i faste stillinger</b>	306 715	324 949	342 257	367 963	378 549	397 542
<b>Særskilde tillegg til løna</b>	29 123	28 230	29 736	31 885	31 058	32 945
<b>Ekstrahjelp og overtid</b>	12 669	12 720	12 767	16 562	15 974	13 764
<b>Godtgjersle til folkevalde</b>	2 114	2 318	2 234	2 314	2 389	2 495
<b>Andre lønsutgifter, vikarutgifter</b>	44 597	41 834	44 893	45 623	51 539	55 267
<b>Introduksjonsløn og kvalifiseringsgodtgjersle</b>	4 642	6 351	8 780	14 103	14 092	11 810
<b>Pensjon og arbeids-gievaravgift</b>	109 540	114 041	116 147	122 600	126 529	129 952
<b>Vekst i lønsutgifter</b>	27 889	21 044	26 371	44 236	19 080	23 645
<b>Vekst i %</b>	5,8 %	4,1 %	5,0 %	7,9 %	3,2 %	3,8 %

Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak frå premiefondet i KLP.

## Lønsvekst og lokale lønsforhandlingar i 2019

Tilsette som hører til HTA kap 4 vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av si lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeren for 2019 var eit mellomoppgjer med sentrale tillegg. Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdleiarar og avdelingsleiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriteria og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsføresegnehene vart det i 2019 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i desse kapitla.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg årlønsvekst frå 2018 til 2019 på 3,5%. Lønnsoverhengen til 2019 er i fylge TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) 1% i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

Veksten i lønnsutgiftene i kommunen var noko høgare enn årslønsveksten i kommunesektoren. Dette heng saman med volumauke i tal stillinger, mellom anna tok kommunen heim reinhaldet frå 01.08 etter å ha kjøpt denne tenesta i mange år.

## Opplæring

I løpet av 2019 har det vore gjennomført ei rekke opplæringstiltak. Aktuelle tema er grunnopplæring i arbeidsmiljø (40-timars kurs), førstehjelpskurs, rutinar for handtering av sjukefråvær, korleis jobbe med resultat frå medarbeidarundersøking og reglement for handtering av konflikt. Me inviterar både til felles kurs, men har også tilbod om mindre samlingar ute i dei ulike verksemndene. Kurs og samlingar blir gjennomført både av eksterne og interne ressursar.

## Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2019 var på 7,7% mot eit fråvære på 6,8% i 2018. Langtidssjukefråværet gjekk opp i 2019, frå 4,4% til 5,3%, kortidssjukefråværet var uforandra på 2,3%.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2019 fekk Bømlo kommune totalt 21,14 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 17,44 mill. kroner i 2018. Desse inntektene kan nyttast til å dekka kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjever får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjavarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarande gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 7,3 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2019 mot 6,5 mill. kroner i 2018.

### Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2013 – 2019




Sjukefråværet auka siste året.


I 2019 var det avtalt totalt 192 191 dagsverk og det var registrert 14 891 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarende tal for 2018 var 180 641 avtalte dagsverk og 13 800 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2019 på 7,7 % mot 6,8 % i 2018.

### Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:

Korttidsfråværet var på om lag 4 560 tapte dagsverk. Dette er høgare enn i 2018, der korttidsfråværet var på om lag 4 518 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.



**Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:**



Bømlo kommune hadde 10 330 tapte dagsverk i 2019 grunna langtidssjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein auke på 1 648 dagsverk frå 2018 då det var 8 682 tapte dagsverk grunna langtidsfråvær.

**Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk**

	2017		2018		2019			
	Totalt %	Eigen-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %
<b>Samla fråvær</b>	<b>6,73</b>	<b>0,98</b>	<b>5,76</b>	<b>6,78</b>	<b>1,28</b>	<b>5,49</b>	<b>7,70</b>	<b>1,20</b>
<b>Kvinner</b>	6,82	0,99	7,22	7,13	1,31	5,82	8,00	1,19
<b>Menn</b>	6,4	1,08	3,95	4,89	1,16	3,73	6,34	1,21
<b>Helse og sosial</b>	<b>8,48</b>	<b>1,02</b>	<b>7,46</b>	<b>8,23</b>	<b>1,39</b>	<b>6,83</b>	<b>8,98</b>	<b>1,39</b>
<b>Kvinner</b>	8,44	1,03	7,42	8,48	1,42	7,06	9,20	1,39
<b>Menn</b>	8,91	0,98	7,93	5,54	1,05	4,49	6,91	1,38
<b>Opp-vekst</b>	<b>5,33</b>	<b>0,93</b>	<b>4,4</b>	<b>5,83</b>	<b>1,16</b>	<b>6,14</b>	<b>0,99</b>	<b>5,15</b>
<b>Kvinner</b>	5,31	0,96	4,35	6,14	1,18	4,97	6,43	0,97
<b>Menn</b>	5,41	0,84	4,57	4,56	1,08	3,48	4,79	1,07
<b>Teknisk</b>	<b>7,21</b>	<b>1,1</b>	<b>6,11</b>	<b>5,6</b>	<b>1,34</b>	<b>4,26</b>	<b>10,62</b>	<b>1,05</b>
<b>Kvinner</b>	5,08	1,48	3,6	2,56	1,34	1,22	11,00	1,17
<b>Menn</b>	7,63	1,03	6,61	6,26	1,34	4,92	10,47	1,22
<b>Sentral-adm.</b>	<b>3,9</b>	<b>0,83</b>	<b>3,07</b>	<b>3,63</b>	<b>1,34</b>	<b>2,28</b>	<b>6,26</b>	<b>1,33</b>
<b>Kvinner</b>	3,6	0,8	2,8	4,28	1,35	2,93	8,14	1,12
<b>Menn</b>	4,45	0,89	3,56	2,57	1,33	1,24	2,93	1,71
								1,22

Sjukefråværet auka i 2019 frå 6,8% til 7,7%. Me må attende til 2009 for å sjå eit så høgt sjukefråvær.

Den største auken i prosentpoeng finn me på teknisk og sentraladministrasjonen. Det er likevel innan helse, pleie og sosial at det er stort fråvær i antal tapte arbeidsdagar.

## Inkluderande arbeidsliv

Kommunen har fleire arbeidstakrar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsett i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Å ha tett samarbeid med NAV er viktig, særleg når det vert stilt strengare krav til oppfølging og tilrettelegging for tilsette med helseproblem.

I desember 2018 vart det signert ny IA-avtale mellom partane i arbeidslivet. Avtalen gjeld for perioden 2019-2022. Det har teke mykje av 2019 for å få på plass det sentrale verkemiddelapparatet i den nye IA avtalen og me skal i 2020 byrja ta dette i bruk.

### Bømlo kommune har følgjande mål for sitt IA-arbeid:

- 1) Redusera sjukefråværet til under 5,4%
- 2) Tilrettelegge for eigne tilsette/og andre som får helseproblem/har funksjonshemning.
- 3) Tiltak som inspirerer til å stå i arbeid lengst mogleg etter fylte 62 år.



## Arbeidsmiljø

Bømlo kommune har eigen HMS-plan som gir rammer for HMS-arbeidet i kommunen. Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder og medarbeidarundersøking annakvart år for alle tilsette i Bømlo kommune. Bømlo kommune nyttar KS si medarbeidarundersøking 10-FAKTOR. Neste medarbeiterundersøkelse vil bli utført i 1. kvartal 2020.

Alle tilsette skal ha tilbod om årleg medarbeidarsamtale.

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær skal det gjennomførast medråderettmøte i alle verksemder.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av inneklima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 25 saker delt på fire møter i 2019.

## Likestilling

Etter likestillingslova §28 har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemnd.

Arbeidsgjevarar skal gjera greie for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda, og
- b) likestillingstiltak som er sett i verk og som er planlagt sett i verk for å fremja lova sitt føremål om likestilling uavhengig av kjønn.

Utgreiingsplikta gjeld for verksemder som i lov er pålagt å utarbeida årsmelding. Desse skal ta utgreiingane inn i verksemda si årsmelding.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeide

## Dagsverk

I 2019 var 84% av avtalte dagsverk avtalt utført av kvinner. Tilsvarande tal for 2018 var at 81% av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner. Dette er ein auke frå 2018.

## Leiarar

I Bømlo kommune var to av seks toppleiarar kvinner i 2019. Av 23 verksemdsleiatarar er 20 kvinner og 3 menn. Dette tilsvarar ca 87% kvinner og 13% menn.

## Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdsleiargruppa er kr 734 100 mot kr 708 500 i 2018. Dette er ein snittauke på kr 25 600. Mannlege verksemdsleiatarar tener i snitt om lag 99,9 % av det kvinnelege verksemdsleiatarar tener.

### Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer vart innført i 2002. Ordninga er todelt og består av tilretteleggingstilskot frå 62 år til 65 år, samt eit seniortiltak. Tilretteleggingstilskot er eit tilskot som skal nyttast til tilrettelegging på arbeidsplassen. Seniortiltak gjev tilsette kr 4000,- i ekstraløn pr. år frå 62 år til 65 år. Dette tillegget beheld ein fram til ein går av. Avtalane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen.



Otto Martinsen vart heidra for lang og tru teneste i Bømlo kommune og som friviljug mannskap i Bømlo brann og redning hausten 2019.  
(Foto: Simon K. Sortland)

## ØKONOMI/FINANS

### HOVUDOVERSIKT

	REKNESKAP	Budsjett	Revidert	Avvik	REKNESKAP
	2019	B2019	RB 2019	Rev.b-Rekn. 2019	2018
<b>Inntekter- skatt, ramme m.m.</b>					
Skatt inntekt og eige	-332 335	-340 936	-321 786	10 549	-295 857
Eigedomsskatt	-32 572	-32 040	-32 540	32	-31 039
Rammetilskot: Inntektsutjamning	-29 005	-10 600	-34 250	-5 245	-48 908
Rammetilskot: Innbyggjar	-337 626	-338 044	-337 512	114	-323 597
Rammetilskot: Skjønn	-8 300	-7 900	-7 900	400	-9 663
Andre generelle statstilskot	-55 115	-56 444	-55 144	-29	-93 038
<b>SUM inntekter - skatt, ramme m.m.</b>	<b>-794 953</b>	<b>-785 964</b>	<b>-789 132</b>	<b>5 821</b>	<b>-802 102</b>
<b>Netto rammer</b>					
Netto ramme seksjon 1 sentrale styringsorgan	49 857	47 646	51 647	1 790	47 182
Netto ramme seksjon 2 oppvekst og kultur	392 769	365 168	380 170	-12 599	381 790
Netto ramme seksjon 3 helse, sosial og omsorg	268 647	264 770	272 413	3 766	266 974
Netto ramme seksjon 4 tekniske tenester	53 433	47 841	50 258	-3 175	51 201
Netto ramme seksjon 5 kyrkje, trudomssamfunn	8 928	8 906	8 906	-22	8 755
Netto ramme seksjon 7 tilleggsloyving, ufordelt, premieavvik	-21 958	-8 197	-19 241	2 717	-20 616
Netto ramme seksjon 8 diverse inntekter/utgifter	679	237	237	-442	304
<b>Sum netto rammer i seksjonane</b>	<b>752 355</b>	<b>740 622</b>	<b>744 390</b>	<b>-7 965</b>	<b>735 590</b>
Avskrivningar	37 113	35 000	35 000	-2 113	30 427
<b>Sum før finanspostar inkl. avskriving</b>	<b>-5 485</b>	<b>-10 342</b>	<b>-9 742</b>	<b>-4 257</b>	<b>-36 085</b>
<b>Netto finanspostar ekskl sosiale lån</b>	<b>41 313</b>	<b>40 446</b>	<b>40 446</b>	<b>-867</b>	<b>40 794</b>
Motpost avskrivningar	-37 113	-35 000	-35 000	2 113	-30 427
<b>Sum etter finanspostar eksl. avskriving</b>	<b>-1 285</b>	<b>-4 896</b>	<b>-4 296</b>	<b>-3 011</b>	<b>-25 718</b>
Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidlegare år	0	0	0	0	-3 832
Bruk disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Overføring til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0
Avsett til bundne fond	0	0	0	0	131
Avsett til disposisjonsfond	1 285	4 895	4 295	3 010	29 416
Bruk bundne driftsfond	0	0	0	0	0
<b>Rekneskapsmessige mindre/meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3</b>

**Rekneskapsmessige mindreforbruk**

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Bømlo kommune kr 0. Summen kjem fram etter avsetjing av 1,285 mill. kr til disposisjonsfond. Dette er 5,2 mill. kr mindre enn mottekte havbruksinntekter i 2019.

**Frie inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)**

Summen av dei frie inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og andre generelle tilskot frå staten viser eit positivt avvik på 5,8 mill. kr.

**Skatt/inntektsutjamning:** Kommunen opplevde ein stor skattesvikt i 2018. Inntekta gjekk ned frå 318,5 mill. kr til 295,9 mill. kr. I 2019 snudde dette og kommunen fekk ein vekst i skatteinntektene lokalt på 36,5 mill.kr (12,3%). Kommunen sin skatteinngang har no gått opp frå 81% til 87% av landsgjennomsnittet. Skatteveksten i landet var berre på 4,7%, slik at samla vekst for kommunen i skatt og inntektsutjamning vart på 4,8%. Kommunen fekk redusert inntektsutjamninga med 19,9 mill. kr frå 2018. Sjølv med denne sterke veksten så har kommunen lågare skatteinntekter enn kva tilfellet var for nokre år sidan. Kommunen har no ein skatteinngang som med inntektsutjamninga ligg på 94,6% av landsgjennomsnittet.

Det låge skattenivå som kommunen har i forhold til landsgjennomsnittet, medfører at kommunen har fått redusert sine skatteinntekter og inntektsutjamnande tilskot frå 96% av landsgjennomsnittet til 94,6%. I kr er dette eit netto tap av inntekter på omlag 5 mill. kr. Sjå figur under.



**Eigedomsskatt:** Eigedomsskatteinntektene auka med 1,5 mill. kr og var om lag i samsvar med budsjettet med ei meirinntekt på 0,03 mill. kr. Skattesatsen i 2019 vart redusert frå 4 til 3,7 promille av skattegrunnlaget. Skattegrunnlaget vart kontorjustert med 10% i 2019.

**Rammetilskot:**

Kommunen fekk skjønsmidlar frå Kommunaldepartementet med kr 400 000 etter søknad til samskaping i planarbeid saman med kommunane Stord og Fitjar.

**Andre generelle statstilskot:**

Tabellen under syner kva som ligg i denne posten

Tilskot (tal i heile 1000 kr)	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
Tilskot einslege mindreårige flyktninger	-12 828	-10 574	2 254
Havbruksfondet	-6 504	-4 000	2 504
Rente og avdragskompensasjon	-2 016	-2 500	-484
Ekstratilskot flyktninger	-4 728	-3 000	1 728
Integreringstilskot	-29 039	-35 069	-6 030
<b>Sum generelle statstilskot</b>	<b>-55 115</b>	<b>-55 143</b>	<b>-28</b>

Ekstratilskotet for flyktninger er nytta i seksjonane, då særleg til drift av bufellesskap, styrkingstiltak i skule, legestenesta mm. Meirinntektene her bidreg til å redusere meirutgiftene i seksjon 2.

Kommunen mottok 6,5 mill. kr frå havbruksfondet. Dette er 2,5 mill. kr meir enn budsjettet. Av mottekte havbruksinntekter i 2019 er 1,3 mill. kr avsett til fond.

**Netto finanspostar eksklusiv sosiale lån**

Finans	R2019	Budsjett 2019	Rev.budsjett 2019	Avvik rev.budsj/rekneskap	R2018
Renteutgifter lån	21 798	20 454	20 454	-1 344	20 848
Låneavdrag	23 948	23 948	23 948	0	23 257
Renteinntekter	-2 245	-2 094	-2 094	151	-1 417
Renteinntekter startlån	-1 708	-1 731	-1 731	-23	-1 509
Utbyte	-484	-131	-131	353	-385
<b>Renter, utbyte og lån</b>	<b>41 309</b>	<b>40 446</b>	<b>40 446</b>	<b>-863</b>	<b>40 794</b>
<b>Rente og avdragskompensasjon</b>	<b>-2 017</b>	<b>-2 500</b>	<b>-2 500</b>	<b>-483</b>	<b>-1 969</b>

Netto finanspostar viser eit meriforbruk dette året på 1,3 mill. kr. Renteutgiftene viser meirutgift på 1,3 mill. kr. Hovudårsaka var at renta auka meir enn rekna med i 2019 (auka med 0,6%). Rente og avdragskompensasjonen var 0,5 mill.kr mindre enn rekna med dette året i hovudsak grunna låge renter (1% mot budsjettet 1,7%) som kompensasjonen vart rekna av.

## ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

	REKNESKAP	Oppr.bud-sjett	Rev.budsjett	Avvik	REKNESKAP
	2019	2019	RB2019	Rev.b-Rekn.	2018
Sum Driftsinntekter	-995 943	-913 390	-926 708	69 235	-985 111
Sum Driftsutgifter	986 148	906 666	920 585	-65 563	951 004
Brutto Driftsresultat	-9 795	-6 724	-6 123	3 672	-34 107
Sum Eksterne finansinntekter	-4 535	-4 018	-4 018	517	-3 500
Sum Eksterne finansutgifter	45 920	44 454	44 454	-1 466	44 360
Resultat Ekst. finantransaksjonar	41 385	40 436	40 436	-949	40 860
Motpost avskrivingar	-37 113	-35 000	-35 000	2 113	-30 427
Netto driftsresultat	-5 523	-1 288	-687	4 836	-23 674
Sum bruk av avsetningar	4 502	3 608	3 608	-894	-7 921
Sum avsetningar	10 025	4 895	4 295	-5 730	31 596
Mindre/meirforbruk	0	0	0	0	0

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivingar: 9,8 mill. kroner (positivt resultat). Dette er 3 mill. kr betre enn budsjettet.

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finantransaksjonar – avskrivingar: 5,5 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjer 0,55% av driftsinntektene. Resultatet er 4,2 mill. kr betre enn budsjettet.

Tabellane under gir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit negativt avvik på 7,9 mill. kr. Dette er nærmere skildra under seksjonane i årsmeldinga.

<b>Årets resultat – avvik</b>	<b>Avvik</b>
	<b>i mill. kroner</b>
<b>Årsresultat:</b>	<b>0</b>
<b>Avviksforklaring:</b>	
Netto resultat Seksjon 1 sentrale styringsorgan	1,8
Netto resultat Seksjon 2 oppvekst og kultur	-12,6
Netto resultat Seksjon 3 helse og omsorg	3,8
Netto resultat Seksjon 4 tekniske tenester	-3,2
Netto resultat Seksjon 5 kyrkjelege føremål	0
Netto resultat Seksjon 7 Pensjon, premieavvik og ufordelte utgifter	2,7
Netto resultat Seksjon 8 finansiering	-0,4
<b>SUM Seksjonane</b>	<b>-7,9</b>
Skatt på inntekt og eige	10,5
Eigedomsskatt	0
Ramme og statstilskot	-4,7
Eksterne finantransaksjonar (renter/avdrag)	-0,9
Andre generelle statstilskot	0
Interne finantransaksjonar (bruk av fond/avsett til fond)	3,0
<b>SUM skatt, rammetilskot og finantransaksjonar</b>	<b>7,9</b>
<b>For lite sett av til disposisjonsfond (havbruksinntektene)</b>	<b>5,2</b>

## Endring fond

Detaljert oversikt over avsetnad og bruk av driftsfond (disposisjonsfond og bundne driftsfond) følgjer av note 6 i årsrekneskapen. Disposisjonsfonda vart redusert med 4,3 mill. kroner til 68,1 mill. kr. Bundne driftsfond auka med 7,5 mill. kroner i 2019 mens ubunde investeringsfond vart redusert med 1,8 mill.kr. Ved årsskiftet utgjorde bundne driftsfond 14,9 mill. kroner. Ubundne investeringsfond var på 4,4 mill. kr, bundne investeringsfond utgjorde 7,4 mill. kr. Samla så hadde kommunen pr 31.12 fondsmidlar på 94,9 mill. kr.

## Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane mellom seksjonane følgjer av reknescapsskjema 2B i årsrekneskapen. For ytterlegare informasjon om status på pågåande og avslutta investeringsprosjekt, sjå note 15 og oversyn over investeringsprosjekt i årsrekneskapen.

## Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

	2019	2018	2017	2016	2015
<i>Omlaupsmidlar:</i>					
Endring betalingsmidlar	-319	-18 368	-13 105	48 143	26 312
Endring kortsiktige krav	-9 701	16 018	13 452	11 600	-8 415
Endring premieavvik	12 727	6 653	1 275	-3 130	-17 177
<b>Endring omlaupsmidlar</b>	<b>2 707</b>	<b>4 303</b>	<b>1 622</b>	<b>56 613</b>	<b>720</b>
<i>Kortsiktig gjeld:</i>					
<b>Endring kortsiktig gjeld</b>	<b>-746</b>	<b>-1 209</b>	<b>-6 856</b>	<b>30 064</b>	<b>-39 886</b>
<b>Endring arbeidskapital (balansen)</b>	<b>3 453</b>	<b>5 512</b>	<b>8 478</b>	<b>26 549</b>	<b>40 606</b>

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin arbeidskapital har blitt styrka i 2019. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 87,2 mill. kr. inkl. premieavviket, reell likviditet ekskl. premieavvik er 36,6 mill. kr, dette er ein nedgang på 7,5 mill. kr.

Tabellen under syner korleis dei likvide midlane har utvikla seg dei siste åra. Desse er sett opp mot netto kortsiktig gjeld – kortsiktige krav ekskl. premieavviket. Oversynet viser at kontantbehaldninga som kommunen har til disposisjon pr 31.12 har svekka seg med 7,5 mill. kr i 2019.

	2019	2018	2017	2016	2015
Bankinnskot	73 671	73 990	92 357	105 462	57 320
Skattetrekksmidlar	18 828	17 660	17 737	16 454	15 804
<b>Disponible bankinnskot</b>	<b>54 843</b>	<b>56 330</b>	<b>74 620</b>	<b>89 008</b>	<b>41 516</b>
Ubrukte lånemidlar	839	2 579	18 999	13 189	25 175
<b>Kjernelikviditet</b>	<b>54 004</b>	<b>53 751</b>	<b>55 621</b>	<b>75 819</b>	<b>16 341</b>
<b>Kortsiktig krav- premieavvik – kortsiktig gjeld+skattetrekks-gjeld</b>	<b>-17 410</b>	<b>-9 624</b>	<b>-26 774</b>	<b>-64 818</b>	<b>-30 550</b>
<b>Sum overskotslikviditet</b>	<b>36 594</b>	<b>44 127</b>	<b>28 847</b>	<b>27 938</b>	<b>-14 209</b>

## Låneporteføljen – årsrapport i samsvar med finansreglementet

Låneporteføljen har eit samla volum på 903 mill. kr ved årsskiftet. Av samla lånevolum utgjer fastrentedelen 58%. Låna er i all hovudsak etablert med lang løpetid og dette medfører låg refinansieringsrisiko. Gjennomsnittleg porteføljerente er 2,49%. Kommunen sitt finansreglement har ikkje vore brote i perioden og dei interne rutinane for etterleving av finansreglementet er følgt. Utviklinga i låneporteføljen i 2019 går fram av tabell under samanhaldt mot finansreglementet.

<b>Nøkkeltal lånegjeld</b>	<b>Vedtekne</b>	<b>Pr 01 01</b>	<b>Pr 30 04</b>	<b>Pr 31 08</b>	<b>Pr 31 12</b>
	<b>rammer</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>
Brutto lånegjeld (i heile mill. kr)		860	905	905	903
Netto renteutsatt balanse					
Antall lån		43	45	45	45
Gjennomsnittleg rente i porteføljen siste 12 mnd		2,49%	2,45 %	2,42	2,42
Gjennomsnittleg flytande rente i porteføljen		1,76 %	1,80%	1,86	2,30%
<b>Motpartsrisiko</b>					
Største långjevar		Kommunalbanken			
Største långjevar sin andel av total gjeld		88,0 %	73,0 %	73,0%	73,0 %
Største enkeltlån	20 %	16,0 %	16,0 %	13,8	13,8
<b>Renterisiko</b>					
Swapvolum (finansielle instrument) (i heile mill.)		175	175	175	125
Finansielle instrumentar sin andel av total gjeld		20,3 %	20,3 %	19,3	13,8%
Andel fast rente over 1 år	Min 25	68 %	70 %	70 %	42 %
Andel flytande rente	Min 25	32%	30 %	30 %	58 %
Gjennomsnittleg durasjon	Maks 5 år	1,5	1,5	1,6	1,2
Lengste rentebindingstid i heile år	10	5	5	5	5
<b>Refinansieringsrisiko</b>					
Gjennomsnittleg løpetid		7,6	9,6	9,3	8,9
Andel refinansiering innan 12 månader	Maks 20%	16 %	16,6 %	16,6 %	17,3 %
Storleik refinansiering innan 12 månader (heile mill.)		138	144	144	156

### Samansetjing av låneporteføljen

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 903 millionar kroner, ein auke på 43 mill. kr frå 2018. Långjevarar er:

<b>Långjevar</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>Andel 2019</b>
<b>Kommunalbanken</b>	<b>664</b>	<b>756</b>	<b>0,74</b>
<b>KLP</b>	<b>140</b>	<b>15</b>	<b>0,16</b>
<b>Husbanken</b>	<b>99</b>	<b>89</b>	<b>0,11</b>
<b>(tal i mill kr)</b>	<b>903</b>	<b>860</b>	<b>1,00</b>

## Endringar i låneporteføljen/risikoeksponering i 2019

### Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande låneopptak er gjennomført i 2019 (tal i heile 1000 kr):

Kommunalbanken	kr	56 582
Husbanken	kr	15 000
<b>Sum låneopptak 2019</b>	kr	<b>71 582</b>

Låneopptaka er tatt opp i samsvar med vedteke budsjett for 2019 samt tilleggsån etter vedtak iPS 20/19. Lån i kommunalbanken er tatt opp som eit 6 mnd. sertifikatån. Rentevilkåra er 1,773%. Husbanklånet er tatt opp til flytande rente til husbanklånvilkår med løpetid 20 år.

Det er betalt avdrag på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)


Kommunalbanken lån	kr	23 948
Husbanken (samla)	kr	5 430

### Refinansiering/endring i risikoeksponeringa

Rentebytteavtale på 50 mill. kr gjekk ut 16.12.2019. Renta på denne var fastrente 3,605% i bytte mot flytande 3 mnd. Nibor. Rentevilkåra etter 17.12.2019 er 3 mnd nibor + 0,60%. Kommunen refinansierte eit fastrente-lån på 125 mill. kr 18.03.2019 med 3 års bindingstid. Lånet har rentebinding i 3 år fram til 20.03.2022. Renta på det nye lånet er 1,878%, gjenståande løpetid på lånet er 18 år.

### Finansiell risiko i låneporteføljen


Diagramma nedanfor viser fordeling av kapitalbinding og rentebinding per rullerande år.



Kapitalbinding gir eit bilde av den samla porteføljen sin gjeldsstruktur (berre kapitalen, ikkje rentene). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.

Ein stor andel kort kapitalbinding indikerer at store deler av porteføljen snart kjem til forfall og må refinansierast eller innløysast innan kort tid. 17,3% av låneporteføljen kjem til forfall i 2020, 156,6 mill. kr må refinansierast dette året. Risikoene vert vurdert som handterbar.

Rentebinding gir eit bilet av den samla porteføljen sin rentestruktur (berre rentene, ikke gjelda). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.



Lån med flytande rente har rentebinding mindre enn 1 år. Ein stor andel kort rentebinding eksponerer portefølja for endringar i rentemarknaden.

Gjeldsporteføljen sin gjennomsnittlege kapitalbinding er 8,9 år og den gjennomsnittlege rentebindinga er 1,2 år. I porteføljen har 17,3% ein kapitalbinding på 1 år eller mindre, og 58% har ein rentebinding på 1 år eller mindre. Utan derivater hadde 66,4% av porteføljen hatt ei rentebinding på 1 år eller kortare.

Gjennomsnittleg durasjon (lengd) i låneporteføljen er 1,2 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 -5 år)


### Strategi for rentesikringar

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen har tidlegare nyttet rentesikringar (rente-swappar) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovudføresetnaden er at alle rentesikringar skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).

## Fastrente

Figuren under syner kommunen sine fastrenter og forfall på desse.

Kommunen har lån med 338 mill kr i der renta er bunden. Fleire av desse låna kjem til forfall i nærmeste framtid.



## Verdi på låneporteføljen og rentesikringar

Alle låna (utanom husbanklån) som har flytande rente har renteregulering kvar 3. månad på IMM dato (3. onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil difor i all hovudsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Berekningar ved siste års skifte syner at marknadsverdien av løpende fastrenter er negative med 2,7 mill. kr. (overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").

## Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet

Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2019.

## Vurdering og handtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer jamnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert. Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillande, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.

### Renterisiko - Stresstest

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallelle **renteoppgang på 1 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursendring på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang).

Periode	Rentekostnad	Rentekostnad +1 %	Andel auke
			renterisiko 1%
<b>2019</b>	21 718 721	21 718 721	0
<b>2020</b>	19 337 486	21 385 736	2 048 249
<b>2021</b>	17 260 779	20 229 656	2 968 878
<b>2022</b>	16 174 839	20 492 904	4 318 065
<b>2023</b>	16 416 192	21 042 501	4 626 309

### Likviditet

Kommunen si kortsiktige likviditetsbeholdning var litt høgare pr 31.12 i 2019 enn i 2018. Likvide midlar har vore plassert i bank i 2019.

I tabellen under er det korrigert for unytta lånemidlar, då desse skal brukast til investeringar og ikkje drift.


	2019	2018	2017
Likvidide midlar 31.12	54 809	53 686	74 621
Unytta lånemidlar	-839	- 2 580	-18 999
Likvide midlar til fri disposisjon	<b>53 970</b>	<b>51 106</b>	<b>55 622</b>

### Nøkkeltal - rekneskapsanalyse

Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2019 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i dei siste åra.


Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 0,7%. Kommunen si økonomiske stode er betra dei siste åra. Kommunen sin likviditet har betra seg dei siste åra. Likviditet og kommunen sine frie fondsavsetningar er fortsatt for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår. Dette heng saman med at kommunen sitt premieavvik utgjer ein stor del av dei frie disponibele midlane.

## Utvikling brutto driftsresultat 2013 – 2019




Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivinger er teke med i dette resultatelementet. Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 9,8 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2018 på 34,1 mill. kroner. Havbruksinntektene bidrog med 6,5 mill. kr til resultatet mot 33,5 mill. kr i fjor. Opphavleg budsjettert brutto driftsresultat var på 6,7 mill. kroner i 2019, revidert brutto driftsresultat var på 6,1 mill. kroner.


## Utvikling netto driftsresultat 2013-2019



Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finanstransaksjonane inklusiv avskrivinger var på netto -4,2 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 5,5 mill. kroner. I 2018 var netto driftsresultat 23,7 mill. kroner. Netto premieavvik inkl amortisering av tidlegare års avvik er inntektsført med 12,7 mill. kr i 2019. Budsjettet netto driftsresultat for 2019 var 0,7 mill. kroner. Kommunen fekk eit resultat som vart betre enn budsjettet.


**Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2013-2019**


Teknisk berekningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. Kommunen nådde ikkje målet i 2019. Kommunen oppnådde eit resultat på 0,6%, mykje takka vere inntekter frå havbruksfondet.

**Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2013–2019**


Dei frie inntektene, dvs. inntektskatt, eigedomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot har ein reell auke i 2019 for første gong sidan 2016. Nominell auke er på 4,34%, kommunal deflator (prisvekst) var på 3,0%. Forskjellen her utgjer omlag 9,9 mill. kr.

### Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)




Brutto driftsutgifter i 2019 utgjorde 986 mill. kroner. Dette var ein auke på 3,7% i høve til 2018 og utgjør 35,1 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	23,6 mill
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon:	-0,4 mill
Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon:	8,7 mill
Overføringer:	-3,5 mill
Avskrivningar:	6,7 mill
Fordelte utgifter:	0,0 mill

Utgiftsveksten er mindre enn veksten i dei frie inntektene. Dette skuldast ein god skatteinngang i 2019.

### Utvikling i brutto lønsutgifter (inkl. sosiale utgifter)



Brutto lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjorde i 2019 643,8 mill. kroner. Dette var ein auke på 23,6 mill. kr eller på 3,8% i høve til 2018. Lønsutgiftene utgjer 65% av kommunen sine utgifter.


Veksten i lønskostnadane var høgare enn førre år. Årlønsveksten i kommunesektoren iflg tal frå teknisk berekningsutval var på 3,5%.

### Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter




Netto rente- og avdragsutgifter auka med 0,5 mill. kroner i høve til 2019 og utgjorde til saman 41,4 mill. kroner. Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 4,16% av driftsinntektene i 2019 mot 4,15% i 2018. Grunna omlegging av reglane for berekning av avdrag så vil utgiftene auka framover. Det er venta at rente-utgiftene held seg på omlag same nivå i åra framover.

#### Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene



Pr. 31.12.19 utgjorde brutto communal lånegjeld 90,6% av driftsinntektene. I denne andelen er ikkje gjelta i dei kommunale selskapa teke med.


### Utvikling brutto langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktning)




Lånegjelda ved årsskiftet var 903 mill. kr. Gjelda har auka med 4,9% frå 2018.

I tillegg til kommunekassa si gjeld så har aksjeselskapa til kommunen ei relativt stor gjeld. Samla gjeld ved årsskiftet for kommune og selskap utgjorde 1,35 MRD kr.


### Brutto investeringar i % av driftsinntektene



Kommunen har dei siste åra hatt høge investeringeskostnader. Investeringane er noko lågare i 2019 men likevel på eit høgt nivå. Investeringane i 2019 utgjorde 9% av driftsinntektene. Dei største investeringane i 2019 var oppgradering Rubbestadneset skule, nytt bibliotek og eigedomsinnløysing i Rubbestadneset.

**Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene**

Kommunen sitt disposisjonsfond, var tilnærma 0 i 2014 men utgjer kr 68,1 mill. kr i 2019. I % av omsetnaden utgjer dette 6,8% mot landsgjennomsnittet på 10,9%. Disposisjonsfondet er framleis større enn premieavviket. Forskjellen utgjer 29,5 mill. kr. eller 3,0% av omsetnaden. Kommunen er difor betre rusta til å møte svingingar i økonomien. Sjå elles grafen under.

**Utvikling fond - premieavvik**

### Utvikling av den totale eigenkapitalen (inkl. kapitalkonto)



Etter fleire år med negativ eigenkapital har kommunen sin eigenkapital blitt styrka dei siste 4 åra.

### Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2013-2019

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<b>Folketalet 1. januar</b>	11 749	11761	11778	11806	11902	11960
Fødde	147	127	136	122	110	119
Døde	95	99	84	79	108	96
Fødselsoverskot	52	28	52	43	2	23
Innflytting	392	436	440	420	396	327
Utflytting	436	454	463	369	339	357
- herav innflytting frå utlandet	129	139	148	90	81	93
- herav utflytting til utlandet	48	49	61	51	20	49
Netto tilflytting inkl. inn- og utvandring	-44	-18	-23	51	57	-30
Forsinking i meldinger- inkl. i tilvekst	4	7	-1	2	-1	4
Folketilvekst	12	17	28	96	58	-3
<b>Folketalet 31.12.</b>	<b>11 761</b>	<b>11 778</b>	<b>11 806</b>	<b>11 902</b>	<b>11 960</b>	<b>11 957</b>

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2019 hadde fødselsoverskot på 23, dette er det nest lågaste talet dei siste 10 åra. Dette heng saman med få barnefødslar og fleire dødsfall. Nettoinnflyttinga frå utlandet er fortsatt positiv og denne er hovudårsaka til at kommunen ikkje fekk større folketalsnedgang i 2019.

## Premieavvik/tilleggsløyving/ikkje fordelte postar

### Økonomisk resultat

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik
PREMIEAVVIK, PENSJON	-21 958	-19 099	2 859
ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD	0	-143	-143
	<b>-21 958</b>	<b>-19 242</b>	<b>2 716</b>


### Tenester/oppgåver:

Årets premieavvik/bruk av premiefond og årets avsetnad til lønsoppgjer/overheng som vert fordelt ut til seksjonane i løpet av året vert ført under dette rammeområdet. Kommunen sine pensjonsutgifter vart samla sett noko lågare enn rekna med for 2019. Verksemndene vart budsjettet med for høg premie og tilbakeføringa av denne er ført på sentral post inkl. arbeidsgjevaravgift med 1,16 mill. kr, slik at netto utgifter/kostnad til pensjon hadde ei sparing på 1,16 mill. kr.

Det var sett av 143 000 kr for lite til å dekke lønnsoppgjeren i 2019.

### Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 49,8 mill. kr. Dette er ein auke frå 2018 på 12,6 mill. kr. Premieavviket skal utgiftsførast kvart år fram til og med 2026. Premieavviket utgjer 3,6% av driftsinntektene.



## SENTRALE STYRINGSORGAN

### Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, rådmann med rådmannsteam, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkrevjaren, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

### Økonomisk resultat 2019

	Rekneskap 2019	Revidert budsj. 2019	Opphav. budsj. 2019	Rekneskap 2018	Avvik 2019
1 Sentrale styringsorgan	49 857	51 647	50 464	47 182	1 790

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2019 på 1,8 mill. kr. 0,2 mill. kr av dette var knytt til politisk verksemrd.

### Kostra data administrasjon og politisk styring

	Bømlo 2017	Bømlo 2018	Bømlo 2019	Stord	Landet utan Oslo	Kost- ragruppe 11
<b>Prioritet</b>						
Netto driftsutg. til adm. og styring i prosent av totale netto driftsutgifter	5,9 %	5,9 %	5,8 %	5,5 %	7,2%	7,2%
<b>Produktivitet</b>						
Brutto driftsutgifter til adm. og styring i kr. pr. innb **)	4 392	4 575	4 653	4 553	5 714	5 988
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring i kr. pr. innb **)	309	286	345	220	479	558
** justert for behovstrong						

Det går fram av KOSTRA-tala at kommunen nyttar mindre til dei administrative tenestene samt til politisk styring enn landsgjennomsnittet og kommunane i vår kostragruppe.

### Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle. I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon hører også innunder dette ansvaret. I 2019 har kommunestyret behandla 127 saker fordelt på 8 møter. Formannskapet behandla 94 saker delt på 8 møte.

### Kommunal leiing

Leiinga i kommunen består av rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg, økonomisjef og personalsjef. Sentrale oppgåver for leiinga er:

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan

- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderende Arbeidsliv
- Hovudansvar for kommunal beredskap



*Formannskapet konstituerte samråystes Aud Gunn Løklingholm (framme t.v) som rådmann*

*15. oktober 2019.*

*(Foto: Simon Knutsson Sortland).*

## **Internkontroll/kvalitetsarbeid**

I samsvar med kommunelova (1992) sine bestemmelser i §23 har rådmannen følgjande oppgåver:

*«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organ er forsvarleg utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser og at den er gjenstand for betryggende kontroll».*

Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg prosess, og må derfor ha kontinuerleg fokus i alle ledd i organisasjonen.

Bømlo kommune har eit kvalitetsstyringssystem som er eit godt og nyttig hjelpemiddel når det gjeld kvalitetsarbeidet i kommunen, og som også er medverkande til at rådmannen skal kunna oppfylla krava nedfelt i Kommunelova §23.2. Kvalitetsstyringssystemet er det einaste (fag)systemet alle tilsette i kommunen har tilgang til. Kvalitetsstyringssystemet er rollestyrta, noko som gir ulike funksjonar (roller) ulik tilgang, og er tilpassa funksjonen sitt ansvarsområde. Bruk av roller gjer at systemet er personuavhengig, og er det skifte i ein funksjon er det enkelt å setja ny person inn i rolla.

Kvalitetsstyringssystemet består av fleire modular, m.a. dokumentbibliotek der det ligg styrande dokument, årshjulmodul, avviksmodul for å melda avvik, forslagskasse for forbetningsforslag og leiarane har tilgang til å handsama avvik og dei har ein rapporteringsmodul for økonomirapportering.

Dei dokument/skjema som publikum skal ha tilgang til, vert lagt på kommunen si nettside og det vert lagt lenke frå kvalitetsstyringssystemet til nettsida, slik at nokon «eig» dokument eller skjema på nettsida.

## **Avvik**

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

*«Uønskte hendingar og/eller brot på kvalitetsskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, styrande dokument (som t.d. prosedyrar eller rutinar)»*

Kvalitetsarbeid generelt, og avvik spesielt, må ha kontinuerleg fokus. Leiarar må vera medvitne på at dei må oppfordra tilsette til å melda avvik. Leiarar må sjå på avvik som eit godt grunnlag for forbetring. Avvik er ein både viktig, og i tillegg er det god dokumentasjon som leiarar kan nytta i kvalitetsarbeid.

Alle tilsette vert oppmoda om å melda avvik, og terskelen skal vera låg for å senda avviksmelding. I Arbeidsmiljøvernlova §§2-3 og 2-4 der det m.a. står at alle tilsette har medverknadsplikt og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen, og dette er noko som vert veklagt i opplæring.

Det vert laga avviksstatistikkar som blir drøfta i rådmannen si leiargruppe, kommunalsjefane sine leiargrupper og i AMU.

AMU får informasjon om HMS avvik, som er hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett. Eit avvik kan ha fleire kategoriar, slik at totalsummen ikkje vil vera summen av dei ymse kategoriene.

I det følgjande vert det lista mengd avvik i 2019 samanlikna med dei to føregåande åra.

	Total avviksmengd og fordeling hovudkategoriar														
	HSO <sup>1</sup>			OKI <sup>2</sup>			SSO <sup>3</sup>			TEK <sup>4</sup>			BK <sup>5</sup> samla		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019
<b>Totalt melde avvik</b>	<b>713</b>	<b>721</b>	<b>580</b>	<b>300</b>	<b>255</b>	<b>402</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<b>10</b>	<b>14</b>	<b>22</b>	<b>1027</b>	<b>1004</b>	<b>1017</b>
hovudkategori HMS	309	277	214	120	88	204	1	7	9	8	10	16	438	383	443
hovudkategori organisasjon/- internt	69	105	75	51	47	43	2	5	2	3	5	9	125	162	129
hovudkategori teneste/brukar	456	471	400	185	164	250	2	3	1	1	0	6	644	639	657
hovudkategori eksterne sam- arb.partnarar	9	18	15	1	2	2	0	0	0	0	0	0	10	20	18

<sup>[1]</sup> HSO = Seksjonen helse, sosial og omsorg

<sup>2</sup> OKI = Seksjonen oppvekst, kultur og idrett

<sup>3</sup> SSO = Sentrale styringsorgan (rådmannens rådgjevarar, avdelingane IKT, fellessekretariat, personal og økonomi)

<sup>4</sup> TEK = Teknisk avdeling inkl. teknisk drift, og i tillegg BOR = Brann og redning

<sup>5</sup> BK = Bømlo kommune

<sup>6</sup> Hovudkategori *HMS* er kategorien for hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet eller trygg-leiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeids-plas-s-en, døme; skade på utstyr, miljøutslepp, skade på tilsett.

<sup>7</sup> Hovudkategori *organisasjon/internt*: Hendingar og situasjonar knytt til interne forhold på arbeidsplassen. Dette vere seg samarbeid, organisering, avtalar osb.

<sup>8</sup> Hovudkategori *teneste / brukar*: Hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakarar. Eksempelvis elevar, pasientar og liknande.

<sup>9</sup> Hovudkategori *eksterne samarbeidspartnarar*: Eksterne samarbeidspartnarar som kommunen har samhandlingsavtale med som t.d. Helse Fonna HF, Sunnhordland Interkommunale Legevakts IKS.

I 2018 var det nedgang samanlikna med 2017 medan det i 2019 er meld om lag like mange avvik som i 2017.

I HSO har det vore ein nedgang på 141 avvik i 2019 i forhold til 2018, medan det i OKI har vore ei auke på 147 avvik i 2019 samanlikna med 2018.

I hovudkategori HMS har tal avvik samla for kommunen auka med 60 i 2019 samanlikna med 2018.

Seksjonen HSO har hatt nedgang i melde avvik i kategorien HMS frå 277 i 2018 til 214 i 2019, medan seksjonen OKI har hatt stor auke i melde avvik i denne kategorien frå 88 i 2018 til 204 i 2019. SSO har hatt ei lita auke i melde avvik i kategorien HMS, og det same har TEK.

Avvik i hovudkategori organisasjon/internt har, samla for kommunen, hatt nedgang frå 2019 (129 avvik) samanlikna med 2018 (162), og det same for hovudkategori eksterne samarbeidspartnarar (18 avvik i 2019, 20 avvik i 2018). I seksjonen HSO har det vore meld 105 avvik i denne kategorien i 2018, medan det i 2019 var meld 75 avvik. I seksjonen OKI har tal avvik i denne kategorien vore stabil, i SSO ein liten nedgang og i TEK ei svak auke.

Hovudkategori teneste/brukar har totalt for kommunen hatt ei lita auke, frå 639 i 2018 til 657 i 2019. I seksjonen HSO har tal avvik i denne kategorien gått ned frå 471 i 2018 til 400 i 2019. I seksjonen OKI har det vore ei auke; frå 164 i 2018 til 250 i 2019.

## Beredskap


Grunnlaget for kommunal beredskap finn me m.a. i i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyt-tel--ses--tiltak, Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), forskrift om kommunal beredskapsplikt samt veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Beredskaps-dokumenta er reviderte og «Overordna beredskapsplan – administrativ del» vart godkjend av kommunestyret i desember 2018. Beredskapsplanane for strategisk nivå, operasjonell krisestab og taktisk nivå er interne arbeidsdokument som vart tatt i bruk i løpet av 2019.

I mai 2019 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn i forhold til kommunal beredskapsplikt. I rapporten skriv Fylkesmannen m.a. at Hovudinngrykket er at Bømlo kommune er oppteken av samfunnstryggleik og beredskap og viste god forståing for temaer som vart tatt opp under tilsynet. Kommunen legg vekt på å samarbeide med nabokommunar og andre aktørar.

Kommunen fekk to avvik, der det eine avviket hadde si årssak i at heilskapleg ROS-analyse sist vart revidert i 2012, og det andre avviket var fordi kommunen på tidspunkt for tilsynet ikkje hadde ein plan for, og prioritering av korleis samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet skal følgjast, med bakgrunn i den heilskaplege ROS-analysen.

*Naudetatane i Bømlo hadde 29. oktober PLIVO-øving i gamle Bremnes ungdomsskule saman med mannskap frå nabokommunane.  
(Foto: Simon K. Sortland)*



På tilsynstidspunktet allereie ein plan for gjennomføring av heilskapleg ROS-analyse, og denne vart gjennomført hausten 2019. Etterarbeidet med heilskapleg ROS-analyse vil bli slutført våren 2020.

## Øvingar

Øvingar er viktig i forhold til både å vera kjend med eigne oppgåver i ein beredskapssituasjon, men også for å øva på ymse hendingar som kan skje. Det er utarbeidd øvingsplan for kommunen, slik at rådmannen sikrar at det vert gjennomført øvingar og at desse har ein viss systematikk.

Einkvar øving skal ha eit mål og eventuelle delmål, øvinga skal planleggjast for at deltakarane får best mogleg utbytte og det skal gjennomførast evaluering i etterkant for å bringe på det reine kva som fungerte bra / tilfredsstilande og kva som er forbetringspotensiale – samt å lage ei liste over forbetingstiltak. Øvingsrapport etter øving vert lagt i kvalitetsstyringssystemet.

I 2019 har det vore gjennomført ein del øvingar, både ute i verksemndene der det m.a. har vore gjennomført brann- og evakueringsøvingar i verksemndene, og meir overordna øvingar som det er døme på under.

- Mai 2019: Fylkesmannen gjennomførte ei øving med alle kommunane der temaet var atomhending.
- Oktober 2019: Øving for alle naudetatane i regionen med tema livstrugande pågåande vald (PLIVO) vart gjennomført på gamle Bremnes Ungdomsskule. Representantar frå kommuneleiing og verksemdsleiing var med som observatørar og/eller markørar i øvinga, noko som vart nyttig erfaring og god læring.

## Økonomi

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevjaren

Samla har avdelinga 11,1 årsverk fordelt på 12 medarbeidrarar. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd og Bømlo Kulturhus KF. I tillegg utfører avdelinga faktureringstenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vert utført av Lindorff på vegne av kommunen.

Skatteoppkrevjaren har samla krove inn og fordelt 1 497 mill. kr. til stat, kommune, fylkeskommune og folketrygda. Dette er ein auke på 76 mill. kr. frå 2018. Kommunen sin del av dette utgjorde 332,3 mill. kr. i 2019, ein auke på 12,3%.

Kommunen deltek i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. Saman finansierer desse kommunane 1,5 årsverk. I tillegg er Bømlo med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 20 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlo kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen, som utgjer eit halvt årsverk, er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

*Nils Kåre Nysæter administrerer eigedomsskatten i Bømlo kommune som i 2019 vart lagt om der ein for skatteåret 2020 la til grunn Skatteaten sitt formuesgrunnlag (bustadverdi) for alle bustadeigedomar som har slike grunnlag. (Foto: Simon K. Sortland)*



## Personal

Personalavdelinga har 3,5 årsverk. I tillegg administrerer dei lærlingkontraktane. Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemndene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet.

I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemndene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innafor sitt fagområde.

Bømlo opplæringskontor vart etablert på slutten av 2018. Kommunen si opplæringsavdeling har gått saman med næringslivet sitt opplæringskontor. Det er ved årsskiftet knytt nærmare 70 lærlingar til kontoret.

## IKT

IKT har seks tilsette. IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. Avdelinga driftar og sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord, Kvinnherad og Tysvær.

## Fellessekretariat og kundetorg

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. I tillegg tek dei seg av alkoholløyver og skjenkekонтroll. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområde.

Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøkjer rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag. Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 stillingsheimlar.

## OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT




Lærar Annelin Katla ynskjer velkommen 1. klassingane til første skuledag i nyoppussa Rubbestadneset skule hausten 2019.  
(Foto: Simon K. Sortland)

### Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjer 14 sjølvstendige verksemder: 10 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familietenesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktinghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansierte av kommunale tilskot. Avdelingane Laurhammer bufellesskap og Bømlo symjehall høyrer også til området.

Samla utgifter på 393 mill. kr er fordelt slik på dei ulike tenesteområda:



Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i minus med 1,5 mill. Overskridningane var knytt til tiltak retta mot elevar med særskilde behov. Ansvarsområdet *Grunnskule felles* hadde eit negativt resultat på 2,9 mill. Dette heng i hovudsak saman med mindreinntekt på brukarbetaling i symjehallen på ca. 800.000, meirutgift til fosterheimspllasserte elevar i andre kommunar på ca. 1,25 mill. og auka lisenskostnadar på IKT.

Kulturskulen, voksenopplæringa, biblioteket og ansvarsområdet kultur/barne-og ungdomsarbeid gjekk med overskot. Dei største overskridningane finn ein på utbetaling til barnehagane, barnevern og Laurhammer bufellesskap.

### Dei første åra

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Barnetalet i barnehagane pr. 15.12.19 var 678, noko som er 23 born færre enn på same tidspunkt i fjor.

Ordninga med kommunal kontantstønad for born mellom 2 og 3 år vart vidareført i 2018, men vart avvikla frå 01.01.19. Tilsaman 8 familiar har nytt seg av dette i året som har gått, noko som er ein nedgang samanlikna med 2017. 2 av desse familiene har minoritetbakgrunn. Stabil kapasitet på kommunenivået har gitt svært gode resultat i form av tettare oppfølging og styring av barnehagane både knytt til rammer og innhald.



*Flotte klasserom i Rubbestadneset skule etter renoveringen. (Foto: Simon K. Sortland)*

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi.

Både statlege føringar og lokale vurderingar peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor. I 2019 har ein intensivert arbeidet med å implementere samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Det blitt jobba med utarbeiding av ein communal, digital handlingsrettleiar for betre tverrfagleg innsats (BTI). Målet er å styrke arbeidet med tidleg innsats, involvere foreldre på ein god måte og unngå tenesteavbrot.

Det har også vore satsa betydeleg på kompetanseutvikling og systemarbeid i samband med satsinga *Inkluderande barnehage- og skolemiljø*. Dette arbeidet har ført til styrka samarbeid mellom barnehagar og grunnskular og utvikling av fleire nettverk.

Brukarundersøkingar i barnehagane i Bømlo i viser at foreldra er generelt godt nøgde med det tilbodet dei får – her ligg ein rett over det nasjonale snittet.

Også i 2019 har utbetalinga til sektoren vore langt høgare enn det rammetilskotet kommunen får for å finansiere området. Dette har samanheng med at kommunen berre har private barnehagar og derfor må nyttja nasjonale satsar. Ein ekstraordinær auke i nasjonal sats langt ut over løns- og prisvekst forklarar det store negative avviket på 4,36 mill. på barnehageområdet.

## Grunnskule

I 2019 har kommunen jobba særskilt med satsinga; *Inkluderande barnehage- og skolemiljø*. Satsingane inneber ekstern finansiering og kvalitetssikring, og starta hausten 2017. Dette forsterkar eksisterande innsats for å forbetra trivsel, tryggleik i barnehage og skule og arbeidet mot mobbing.

Vidareføringa av den såkalla skolemiljøknappen gjer det enkelt å melde frå dersom ein har bekymringar knytt til skolemiljøet, og skulane må ivareta sin aktivitetsplikt for å medverke til at alle elevar har det trygt og godt på skulen. Målet er ikkje berre å unngå mobbing, men også krenkjande ord og handlingar som set elevane sin rett til eit godt skolemiljø i fare.

Aktivitetsplikt inneber vidare desse delpliktene;

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak

9 lærarar har gjennomført vidareutdanning i 2019 innanfor den nasjonale ordninga Kompetanse for kvalitet. 6 lærarar har også gjennomført delar av lærarspesialistvidareutdanning med statleg støtte.

I tillegg har 3lærarar fått finansiert si vidareutdanning etter kommunal ordning og 3 skuleleiarar har teke vidareutdanning i leiing.

*Praksisplass frå BVO i rådhuskantina.  
(Foto: Simon K. Sortland)*



Det har også vore gjennomført omfattande etterutdanning (kurs, workshops, nettverk, osb.) for både lærarar og assistenter. Kompetansehevinga har i stor grad vore knytt til godt psykososialt miljø/arbeid mot mobbing.

Det har vore gjennomført fleire ombyggings- og restaurerings-prosjekt ved grunnskulane som har ført til forbetra inneklima og meir funksjonelle/moderne lokalar for både elevar og tilsette.

### **Bømlo vaksenopplæring – BVO**

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å legge til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
  - Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
  - Yrkesretta norskkurs
  - Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
  - Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
  - Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
  - Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
  - Realkompetanseurdering
  - Rådgivning og karriererettleiing
  - Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

BVO har gode resultat på norskprøvane og arbeidet med dette aukar. Kommunen kan no tilby prøvar 4 periodar i året. Statsborgarprøven og samfunnskunnskapsprøven tilbyr me kontinuerleg.

Om lag 70% av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet i 2019 gjekk direkte ut i ordinært arbeid eller utdanning på vidaregåande- eller høgskulenivå. Tiltak som aukar moglegheita for å tilegne seg formell kompetanse for våre deltakarar har også vore fokus i 2019.

BVO tilbyr også kurs for bedrifter med "Kompetanse +"-midlar. Dette kan vere t.d. datakurs eller lese- og skrivekurs. Ein tilbyr også norskurs for arbeidsinnvandrarar.

I prosjektet *Bømlomodellen* er det inngått ei form for lærlingkontrakt /fagbrev gjennom jobb i ulike verksamheter i kommunen for 7 personar over 25 år. I samarbeid med *Haugaland Kjøreskole* har me fått til eit godt tilpassa system for flyktningar over 25 år som ynskjer å bli bussjäførar, og alle desse har fått seg fast jobb.

### **Integreringsmidlar**

Kommunen busette 25 flyktningar i 2019. I tillegg kom 6 personar på familiesameining. Opphaveleg oppmodingstal frå IMDi var 30 stk, og kommunen budsjetterte også med integreringstilskot for 30. At ein ikkje fekk fleire enn 25 stk. forklarar mindreinntektene her.

Alle ordinært busette, bortsett frå ein, er overføringsflyktningar. Dei fleste kjem frå Syria, men også frå Irak, Afghanistan, Kongo, Sudan og Eritrea. Sidan desse kjem direkte til kommunen, utan å først bu i mottak og dermed starte prosessen med å tilpasse seg det norske samfunnet, opplever tenestene våre at integreringsutfordringane aukar. Mange kjem også frå krigsherja områder og har med seg traume som må bearbeidast.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. For einskilde med omfattande og varige hjelpebehov kan det vere aktuelt å søkje om særskilde tilskot.

Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører.

Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistenter både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringsklassar finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

### **Bømlo kulturskule**

Kulturskulen ivaretok eit mangfold av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

Hausten 2019 vart ei eiga friplassordning innført for å bidra til å realisere målet om ein kulturskule for alle – uavhengig av inntekt og bakgrunn. Ordninga har blitt stadig meir kjend og brukt utover i skuleåret.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Mosster Amfi med konserter og kunstutstilling, teater- og danseframstyringar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonserter i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinar.

Ved utgangen av 2019 var det om lag 500 elevplassar i kulturskulen. Det er ventelister i nokre fag, mens det er ledige elevplassar på fiolin, blåseinstrument og dans. Kulturskulen deltek aktivt i prosessen med å planlegge for at Bømlo folkebibliotek vert inkludert i Bømlo kulturhus. Ein vurderer framleis om skapande skriving kan bli eit nytt tilbod i kulturskulen no når biblioteket kjem inn i kulturhuset.

## Bømlo folkebibliotek

Bømlo folkebibliotek hadde eit travelt og spennande år i 2019. Me hadde mange arrangement, som hadde besøk av fleire tusen bømlingar. Besøkstalet i 2019 låg på same nivå som året før, men ein opplevde auke i utlån.

Kvar torsdag har biblioteket leksehjelp i lag med frivillige frå Røde kors (biletet). Dette er ein veldig populær aktivitet som fleire hundre elevar nyttar seg av i 2019. Her får elevane mat og god hjelpe med leksene frå flinke frivillige.

Biblioteket er blitt ein møteplass og eit rom for fordjuping og inspirasjon, noko som vil halde fram i nye lokaler i kulturhuset. Prosessen med å førebu nytt kulturhusbibliotek har hatt stort fokus i 2019; både arbeid for å utvikle driftskonsept i lag med kulturhuset og kulturskulen, samt planlegging av innreiing og løysingar har vore sentrale aktivitetar.



## Kultur, idrett og fritid

Bømlo kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv, så vel som ei spennande kulturhistorie, og arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminne er no i siste fase.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag.

Det har i 2019 vore gjennomført framsyningar/opplevelingar i lokal regi, samt at skulane har fått tatt del i Hordaland fylkeskommune sine turneproduksjonar, som har vore spelt på skulane og/eller i Bømlo kulturhus. Om lag 1700 elevar har delteke på desse ulike arrangementa.

Bømlo kommune sitt hovudarrangement innanfor den kulturelle spaserstokken, «I manns minne», samla i overkant av 250 besøkjande i Bømlo kulturhus. I tillegg har det vore arrangert fleire foredrag, kurs og samlingar knytt til lokalhistoriske tema rundt i heile kommunen. Ein har også hatt konserter og framsyningar på institusjonane med ulike artistar.

Frå og med 2012 har kommunen gjennom ei eiga stønadsordning sikra at alle born under 12 år får fri tilgang til aktivitet i hall og denne ordninga vart vidareført i 2019.

Det blei utbetalt spelemedilar til ulike anlegg i regi av både lag og organisasjonar og kommunen i 2018. Bømlo symjehall opna i september 2018 og med det har Bømlo fått Sunnhordland sitt mest moderne symjelegg. Bømlo kommune har god anleggsdekning, og det er eit viktig førebyggjande arbeid som skjer i laga gjennom heile året.

Ungdomsklubbane på Langevåg og Moster blei vidareført i 2019, og har gode besøkstal. Målgruppa her er ungdom mellom 13–19 år.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjoner både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøte og prosjektutvikling knytt til frivillighet med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med. Folkehelseprosjektet «helsefremjande lokalsamfunn» som vart avslutta i 2018, er eit godt døme på utviklande dialog og samskaping mellom kommune, grenadautval og lokalmiljø generelt. Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggjar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til kultur- og idrettslivet.

Eldsjelprisen 2019 vart delt mellom Bernt Emil Vika for hans arbeid med bevaring av kulturminne og innsats i Bømlo tur- og sogelag, og Wenche Tveit for hennar engasjement for ungdom med funksjonsnedsetting i kulturlivet i Bømlo.

### **Barne- og familietenesta**

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad). Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men ein har no stabil arbeidskraft.

Skulehelsetenesta sin kapasitet ligg no på nivå med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjерande.

PPT og førebyggjande tiltaksteam har eit tverrfagleg og kompetent arbeidslag. Det er framleis noko ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar, men det er god oversikt over utfordringane. Med eigne systemansvarlege i PPT vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular i tett samarbeid med TIBIR teamet i tenesta (Tidleg innsats for barn og familiær i risiko for å utvikle samspelsvanskar). Det vert framleis jobba målretta med nyrekrytting og vidareutvikling av utgreiingskompetanse i PPT.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærmere 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphold. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

I 2017 fekk barne- og familietenesta tildelt eit treårig prosjekt i foreldrestøttande tiltak med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) som oppdragsgjevar. Fokusområdet her er foreldretiltak til innvandrarfamiliar. Bømlo er også ein såkalla TIBIR-kommune i regi av Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU). Her vert det jobba med tiltak på system-, gruppe- og individnivå med mål om å hjelpe barn med samspelsvanskar i alder 3-12 år. Det nye arbeidet med foreldrestøttande tiltak vert sett i samanheng med eksisterande TIBIR-satsing. Ein har også hatt opplæring av kulturtolkar i saman med helsejukepleiarane.

Etter nytt regelverk i tråd med den såkalla «avlastardommen» vart det frå 01.01.2018 nye satsar og avrekning for privat avlastning. Dette har medført eit meirforbruk på 795.000,- på ansvaret *Sosialkontorenester*.

Me jobbar med å utvikle tilbod i avlastningsbustad for å avgrense bruken av privat avlastning knytt til dei aller yngste. Dette er krevjande, og me må arbeide for meir varige løysingar i tida som kjem. Bortfall av ekssterne salsinntekter i Avlastningsbustaden forklarar det negative avviket på 450.000.

### **Bømlo symjehall**

3. september 2018 opna Bømlo symjehall, og med det Sunnhordlands mest moderne og flottaste symjeanlegg. Hallen har to basseng; eitt konkurransebasseng på 25 m og eitt opplæringsbasseng på 12,5 m. Det

minste bassenget held ein behageleg temperatur på 32 grader og det største kan by på både hoppetårn med 1,3 og 5 meter, samt stupebrett.

Bømlo symjehall skal vere eit tilbod som sikrar breidde, og ein har hatt fokus i oppstarten på å sikre eit tilbod for aktive, mosjonistar, leik og moro.

Kommunestyret har vedteke å leggje til rette for å utvikle symjemiljøet i Bømlo kommune. Eit tiltak er verderlagsfrei bruk av bassenga for symjerelaterte idrettsaktivitetar, der barn og unge skal prioriterast. Av den grunn har Bømlo symjeklubb fått gratis tilgang til symjehallen for sine ordinære treningar på oppsette tider og i tildelte banar, for barn og unge under 18 år og aktive konkurrancesymjarar.

Bømlo symjeklubb har bidratt svært positivt med kompetanse og mykje aktivitet i oppstarten av symjehallen.

Totalt 46437 registrerte personar var innom Bømlo symjehall i 2019. I tillegg kjem all symje- og livredningsopplæringa for skulane. Rekneskapen for symjehallen i 2019 ligg under ansvaret "Grunnskule felles". Ein fekk ei mindreinntekt samanlikna med budsjett på om lag 800.000.

## **Barnevern**

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til rådmannen i Stord kommune.

Eininga har eit meirforbruk på heile 2,4 mill. i 2019. Dette har si forklaring i svært dyre akuttplasseringar hausten 2019. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogleg.

Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Det er framleis litt fleire gutter enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er også nokre få born frå Bømlo som er plassert i institusjonar. Dette er svært kostbare tiltak.

Laurhammer bufellesskap er eit tiltak for einslege mindreårige flyktingar. Tiltaket er heimla i barnevernslova. Avdelinga har i 2019 redusert drifta frå to til eitt hus. I tillegg får fleire ungdommar oppfølging på eigen hybel. Ungdommane som vert busett kjem til Bømlo hovudsakleg på førespurnad frå Barne, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Meirforbruket på 2 mill. har si forklaring i at ein ikkje klarte å gjennomføre reduksjonen i drifta i tråd med ambisjonane i budsjettet.

## HELSE, SOSIAL OG OMSORG



Fra fallførebyggjande kurs hausten 2019. (Foto: Kathrine Tislevoll Nygård)

### Innleiing – mål og måloppnåring

Innbyggjarane som mottek tenester frå helse, sosial og omsorg er ulike både i alder, ressursar og behov. Overordna målsetjingar er:

- Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistrar eige liv.
- Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.


Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-27 blei vedtatt i 2016. Planen har fire fokusområder:

1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering).
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

Det blir utarbeidd årlege handlingsplanar. I tillegg til dagleg drift har mange tilsette deltatt i utviklingsarbeid med utgangspunkt i handlingsplanane. Medarbeidarar har ytt stor innsats, vore fleksible og utviklingsorienterte. :

## Økonomisk resultat 2019

Samla utgifter på 269 mill.kr er fordelt slik på dei ulike tenesteområda:



### Avviksforklaring økonomisk resultat 2019:

Helse, sosial og omsorg har i 2019 eit positivt avvik på om lag kr 3, 7 mill. Dette skuldast både god økonomistyring og refusjonar og inntekter som har blitt høgare enn forventa. Resultatet er sett saman av fleire element. Forklaring går fram i omtalen av dei ulike tenestene nedanfor.

## Helse og omsorgstenester i heimen

### Tenester/oppgåver

Helsetenester i heimen, personleg assistanse, hjelpe og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning.

Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Moster), Søre Bømlo omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er òg sentrale element. Vidare vil det vera viktig å stimulera til at brukarane på best mogleg måte meistrar eige liv og får utvikla eigne ressursar.

## Bømlo heimetenester og Søre Bømlo omsorgsområde

Mange eldre brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Dagtilbod for eldre (Trivselshuset) er organisert til Bømlo heimeteneste. Tilboden er under stadig utvikling med målsetjing om å få betre tenester til målgruppa.

**Avviksforklaring økonomi****Bømlo heimetenester**

Verksemda har eit positivt avvik på kr 822' i 2019. Dette skuldast m.a. aktiv økonomistyring, endringar i brukarsituasjon, eksterne tilskot og forskyning i betaling av ulike driftsutgifter, m.a. utgifter knytt til leasing-bilar.

**Søre Bømlo omsorgsområde**

Verksemda har eit negativt avvik på kr 1,5 mill som skuldast endringar i brukarsamansetjingar, vikarinnleige grunna sjukemeldingar og vakante stillingar.

**Habiliteringstenesta**

Verksemda gjev tenester i heimen og aktivitetstilbod. Verksemda yt i hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Det er stor variasjon i hjelpebehov. Tenesta har sett i verk tiltak for å styrka kompetansen og har hatt aktivt samarbeid med NFU, pårørande og verjer.

**Avviksforklaring økonomi**

Habiliteringstenesta har eit negativt avvik på 1,997 mill.kr. Dette talet må sjåast i samanheng med positivt avvik på refusjon for ressurskrevjande tenester (3,7 mill). Samla sett har tenesta då eit positivt avvik.

**Tenestekontoret**

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta.

**Avviksforklaring økonomi**

Positivt avvik på 573' skuldast i all hovudsak sjukemeldingar og stillingar som i periodar har vore vakante, i tillegg positivt avvik på omsorgslønn.

**Institusjon-/dagtilbod:**

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Totalt er det 99 institusjonsplassar i fast bruk i Bømlo kommune.

**Bømlo bu- og helsesenter:**

Institusjonen har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskrivning frå sjukehus.

**Avviksforklaring økonomi Bømlo omsorgstun:**

Sjå kommentarar under heimetenester.

**Bømlo bu og helsesenter og Teiglandshagen bufellesskap:**

Verksemda har eit positivt avvik på kr 1,7' ved Bømlo bu og helsesenter (BBH) og – 577' ved Teiglandshagen. På BBH skuldast avviket i all hovudsak og god økonomistyring, høgare inntekter enn budsjettet og noko lågare lønnsutgifter. På Teiglandshagen er negativt avvik knytt til behov hjå brukarar og lågare brukarbetaling enn budsjettet.

**Psykisk helse****Psykiatrisk heimesjukepleie:**

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid, rettleiing av kollegaer, studentar og samarbeidspartnarar. Verksemda har òg ei miljøteneste og eit dagtilbod.

**Avviksforklaring økonomi**

Negativt avvik på om lag 80' er knytt opp til lønsutgifter (sjukevikar og tariffesta tillegg) ved miljøtenesta.

**Helsetenesta****Ergo/ fysioterapitenesta  
inkl. Hjelpemiddellager**

Verksemda yt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, BBR, heim og poliklinisk. Tilsette samarbeider tverrfagleg internt i kommunen, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta.

Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnadar. Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forvring. Prioritering skjer ut frå behov og alvorsgrad.

**Avviksforklaring økonomi**

Verksemda har eit positivt avvik på om lag 45'. Det er m.a. avdi tilsatte har deltatt i prosjekt og difor vore finansert ved eksterne prosjektmidlar. Det er òg eit positivt avvik på driftsmidlar dette året.

**Legetenesta**

Bømlo kommune har 13 fastleger og 1 turnuslege fordelt på 4 legekontor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har i 2019 som tidlegare år vore vakansar i legetenesta som har vore krevjande å rekruttere til.

**Avviksforklaring økonomi**

Negativt avvik på 109' skuldast i hovudsak kjøp av vikarteneste i vakante stillingar.

**Interkommunale døgnssenger, interkommunal legevakt og betaling for utskrivingsklare pasientar**

Bømlo kommune disponerer del av 5 observasjonssenger i interkommunalt samarbeid med Stord og Fitjar kommune tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS samt 4 felles plassar for øyeblikkeleg hjelpdøgntilbod styrt gjennom innlegging av lege.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS gjekk i balanse 2019, og nytta kr. 652' mindre av disposisjonsfond enn budsjettet. Det er eit postivt avvik på om lag 300' på betaling for utskrivingsklare pasientar.

**NAV**

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse om omsorgstener (rus, hjelpetiltak osv). Hovudvekt ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgjeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Arbeids- og aktivitetstilbodet Basen og flyktningetenesta ligg òg til NAV. Eininga har hatt god effekt av prosjekt Jobbsjansen og stilling knytt til tildleg intervensjon. NAV Bømlo flytta inn i nye lokaler med offisiell opning 23. mai 2019.

**Avviksforklaring økonomi**

Nokre postar har positive avvik andre negative, men samla sett går verksemda med eit positivt avvik på 366' i 2019. Dette skuldast i all hovudsak lågare utgifter knytt til busetjing av flyktningar.

## TEKNISK AVDELING



Bømlo kommune tok tilbake reinhaldet i eigen regi i 2019. Her er heile avdelinga samla for å feira.

(Foto: Simon K. Sortland)

### Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehald av bygninger og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguléringsplanar, kommuneplan, anna arealdisponering, frådeling og byggjesaker, landbruk- og miljøsaker samt forvaltning av eigedomsskatt.

### Økonomisk resultat 2019

Økonomisk resultat	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Avvik
Arealbruk	2 832	378	2 226	-2 454
Landbruk/miljø	1 667	1 948	1 608	281
Eigedomsskatt	1 455	1 362	1 307	-92
<b>Teknisk drift (totalt) inkl.</b>	<b>37 445</b>	<b>36 272</b>	<b>36 610</b>	<b>-1 173</b>
<b>4* Teknisk Avdeling</b>	<b>43 296</b>	<b>40 080</b>	<b>41 750</b>	<b>-3 216</b>

## Ansvarsområda under teknisk avdeling

### Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalysar
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljøsaker
- Søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL
- Søknad om produksjonstilskot, avløysartilskot og avløysing ved sjukdom samt administrasjon av vesterinærvakta
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljøsaker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingssaker, utslepp, eigarseksjonering
- Kart- og oppmålingssaker
- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av egedomsbasen DEK og føring i Matrikkelen
- Egedomskatt
- Drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Oppfølging av reinhaldskontrakt
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehald- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internetsider teknisk avdeling

#### Mål og måloppnåing:

Aktivitet	2017	2018	2019
Vedtekne reguleringsplanar	9	13	13
Byggesaker (søknad utan ansvarsrett)	123	117	128
Byggesaker (søknad med ansvarsrett)	277	215	197
Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggesaker	11	12	12
Pålegg i byggesaker	6	2	2
Delingsvedtak	84	91	87
Frådelingssaker etter jordlov	13	6	13
Konsesjonsaker	6	13	13
Søknad om produksjonstilskot i landbruket	99	103	106
Søknad om SMIL-midlar	17	9	9

#### Avviksforklaring:

##### Arealbruk/Egedomskatt:

Arealbruk har eit negativt avvik på 2 454 413 kr. Avviket skuldast først og fremst sviktande inntekter i tenesteområda Kart og oppmåling og byggesak/deling. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2019 er for teneste 3010 plansak 60% ned frå 78% i 2018, teneste 3020 byggesak og deling 73% ned frå 86%, teneste 3030 oppmåling 80%, som i 2018.

**Landbruk/miljø:**

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på kr. 281 096,- i 2019. Fleire konsesjonssaker har gjeve større gebyrinntekter. Avdelinga har hatt noko mindre reise- og kursutgifter enn budsjettet. Statstilskot til veteranærvaktene var noko høgare enn det som låg i budsjettet. I tillegg har avdelinga hatt kr. 104 000,- i mindre utgifter til viltforvaltning.

**Teknisk drift:**

Teknisk drift har eit samla negativt avvik på kr. 1 173 000,-. Dette har si årsak i høgare kostnader til reinhald, generelt vedlikehald og vintervedlikehald enn budsjettet.

**Reinhald**

Reinhald vart fram til 31.07.2019 kjøpt av Elite Service Partner AS. Reinhald på institusjonar inngår ikkje i denne kontrakten. Kommunen tok over reinhaldet med verknad 01.08.2019. Overgangskostnader ved å måtte forlenge avtalen med Elite samt oppbygginga av eiga avdeling medførte eit meirforbruk til reinhald på 456 000 kr i 2019.

**Forsikring**

Bømlo kommune held fram med samarbeidet med Waco forsikringsmekling i 2019. Kommunen betalte 1,2 mill. kr. i forsikring av bygg og 0,3 mill. kr. for autoforsikring.

**Bygningsvedlikehald**

Avdelinga fungerer godt med variert og god fagkompetanse. Kommunen driftar no om lag 59 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse. Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Denne strategien er politisk forankra. Avdelinga er serviceinnstilt og har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsrutinar.

Planmessig vedlikehald gir effektiv ressursbruk. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde. Ein vil alltid oppleve at trøngen for vedlikehald er større enn rammene, men me har dei siste åra teke igjen noko av tidlegare etterslep. Avtale med BKE om leige av driftspersonell vert oppretthalden men har eit mindre omfang enn før.

**Grønt og samferdsel**

Område grønt og samferdsel fungerer godt og effektivt. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekter. Vedlikehaldet som blir utført langs vegnettet er mange og store. Kommunen vil på sikt få meir vegareal til vedlikehald som følge av at fylkesvegar vert erstatta av nye vegar i «Bømlopakken», samt overtaking av vegar i private bustadfelt.

Det er stort vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar. Dersom dette etterslepet ikkje skal auka må rammene i åra framover auka. Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale byggja.

Meirforbruket på teknisk drift skuldast i hovudsak at aktiviteten er høgare enn budsjettramma, samt at pålagte årskostnad til heis, brannsikring, SD-anlegg mm.

**Brannvern/feiing****Tenester/oppgåver**

Verksemda er delt inn i 2 hovedavdelingar:

## Beredskap

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker.

## Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjons- og informasjonstiltak og feiring og tilsyn med fyringsanlegg.

## Økonomisk resultat

Ansvar	Rekneskap 2019	Opphavleg budsj. 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik
BRANNVERN	10 138	10 135	10 179	41
FEIING	-103	0	0	103

## Avviksforklaring

Resultatet på område brannvern syner eit mindreforbruk på kr. 41 000. På område feiring, som er eit sjølv-kostområde, er mindreforbruket 103 000 som mellom anna dekkjer kalkulatoriske renter og avdrag på kjøp av feiebil.

## Beredskap



Spleis er Bømlo brann og redning sin nye spesialbygde redningsbåt.

(Foto: Ove Halleraker)

Brannvernet har stort fokus på HMS arbeidet, og etter tilsyn fra arbeidstilsynet vart behov for ny stasjon framheva. Bømlo brann og redning klarar ikkje å ivareta krav til skilje mellom rein og skitten sone i dagens stasjon. Det er satt av midlar til ny stasjon, og dette arbeidet går vidare i 2020.

Ny redningsbåt vart innkjøpt i 2019. Finansieringa av båten var eit spleiselag mellom kommunen og næringssdrivande innan oppdrett.

**Førebyggjande:**

Førebyggjande avdeling har gjennom 2019 halde fram arbeid med branngryggleik for risikoutsette grupper. Dette er eit nasjonalt satsingsområde og Bømlo brann og redning er langt framme med tverrfagleg samarbeid for å oppnå målsettingane på dette området.

Arbeidet med å risikokartlegge behov for både feiring, tilsyn med bustadar samt behov for tilsyn i særskilde objekt vart vidareført i 2019. Hensikta med å behovsprøve dei oppgåvane som førebyggjande avdeling brukar mest tid på er å frigjera tid til anna målretta førebyggjande arbeid.

Også i 2019 har Bømlo brann og redning delteke ved, og gjennomført, ei rad øvingar. Dette er for verksemder, institusjonar, organisasjonar samt andre som ynskjer hjelp til øvingar og opplæring. Brannvernet har delteke ved ulike sentralt styrte førebyggjande kampanjar som «Brannvernveka», «Aksjon boligbrann», «Batteribyttedagen», komfyrvaktkampanje med fleire.

**Feiring:**

Førebyggjande forskrift har ført til at Bømlo brann og redning har gjennomført risikokartlegging av behov for feiring og tilsyn. Fokus på nye arbeidsmetodar for å betre arbeidsmiljøet til feiarane held fram. Begge feiarbilane har innreiing som deler skitten og rein sone i bilane. Feiarane kan reingjere seg ute på staden der dei arbeidar, og eit mål er nådd i HMS – arbeidet. Arbeidet med ny brannstasjon er viktigaste tiltak i dette arbeidet, då kontor- og garderobefasilitetane til feiarane ikkje blir tilfredsstillande før denne er på plass.



Andreas Salomonsen vart tilsett som ny feiar hausten 2019.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)


## KYRKJELEGE FØREMÅL

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn. Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

### Økonomisk resultat

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik	Avvik i %
Total ressursbruk	8 927	8 906	-21	-0,2

Ressursane er fordelt slik på dei ulike tenestene innan ansvarsområdet.



### KOSTRATAL

	Bømlo 2017	Bømlo 2018	Bømlo 2019	Landet 2019	Kostra- gruppe 11 2019
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgifter tilskudd til trus- og livssynssamfunn pr. innbyggjar i kroner	43	50	47	70	46
Brutto driftsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og gravplassar pr. innbyggjar i kroner	684	698	705	640	735
Netto driftsutgifter, kyrkje, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,2 %	1,2 %	1,1%	1,2%
<b>Dekningsgrad</b>					
Medlem og tilhørsle i Dnk i prosent av antall innbyggjarar	80,2 %	79,6 %	78,9 %	71,7 %	79,5%
Medlemer i andre trudoms- og livsynssamfunn utanfor den norske kyrkje	7,6%	7,6%	8,3%	11,2%	7,7%
<b>Kvalitet</b>					
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	76,3 %	73,2%	78,9%	58,2%	71,8%

Andelen av kommunen sine innbyggjarar som er medlem av den norske kyrkja har gått ned dei siste åra. Andelen av ungdom som konfirmerer seg gikk opp siste året og er høgare enn for andre samanlikningskommunar og landsgjennomsnittet.